

HYLLESTAD SOKNERÅD

REGLEMENT FOR ANNONSERING I KYRKJEBLADET

1 – MÅL OG RAMMER

1-1 Bakgrunn

Hyllestad sokneråd ynskjer å halde fram med og gje ut fire nummer av kyrkjebladet kvart år. Ein ynskjer vidare å utvikle dette bladet med fullfargetrykk, samt ei vidare styrking av bladet sin profil og innhald. For å få til dette er ein avhengig av ein betre økonomisk plattform, og ein har difor vedteke og gje moglegheit for annonsering i bladet.

1-2 Målsetjing

Styrke økonomien i arbeidet med kyrkjebladet, samt og gje kyrkjebladet ei sterkare lokal forankring. Det er ei målsetjing at annonsesøtte skal kunne dekke ca. 50 % av samla kostnader med kyrkjebladet.

1-3 Rammer

Annonseside(r) i kyrkjebladet med bruk av inntil 10 % av samla sidetal for annonsering.

2 – TYPE OG KRAV - ANNONSE

2-1 Type, storleik og plassering.

Ein legg opp til å nytte to annonseformat, visittkort annonse og dobbel visittkortannonse. Ei visittkortannonse tilsvara 12 stk. på ei A4 side, medan dobbel tilsvara 6 stk. på ei A4 side. Det er ei målsetjing å plassere alle annonsane samla på 1-2 sider, fortrinnsvis på ei eller to av dei fire siste sidene i bladet. Men det vil vere mogleg å plassere enkeltannonser inne i bladet, dersom dette redaksjonelt er å føretreke i den enkelte utgåva, det skal då særskilt takast omsyn til i kva samanheng slik annonse då er plassert.

2-2 Krav til utforming og innhald

Hyllestad sokneråd er bevisst si rolle som kyrkjeleg organ, og det er viktig at annonser som vert nytta i kyrkjebladet er underlagt ein streng kontroll frå redaksjonelt hald. Slik at desse ikkje kan oppfattast støytande eller på noko måte bringe Den norske kyrkja, Hyllestad sokneråd eller Hyllestad kyrkjekontor i miskreditt.

Hyllestad sokneråd ynskjer difor og gje redaksjonen nokre kriterier for kva type annonser og samarbeidspartnarar på annonsesida, som kan tillatast brukt i kyrkjebladet.

Pkt.1.

Annonsetekst eller annonseutforming skal ikkje innehalde tekst eller symbolbruk som kan oppfattast blasfemisk eller som bryt med Den norske kyrkja sin profil. Ei heller skal dei kunne oppfattast slik av andre trussamfunn.

Pkt.2.

Annonsetekst eller annonseutforming skal ikkje framstå rasistisk, kunne oppfattast støytande eller krenkande, utifrå ei normal folkeleg vurdering.

Pkt.3.

Annonसानe bør ha oversiktleg tekst og kontaktinformasjon, slik at dei verkar informative for lesarane av kyrkjebladet.

Dersom redaksjonen er i tvil om ein skal tillate særskilte annonsar, skal ein be kyrkjeverja ta dette opp med soknerådet for eiga vurdering.

3 – ORGANISERING OG GJENNOMFØRING

3-1 Ansvar for kontakt og avtalar med annonsepartnarar

Det er kyrkjebladet sin redaksjon som har ansvaret for å få på plass aktuelle annonseavtalar. Korleis redaksjonen vel å gjennomføre dette arbeidet, med ansvar og oppfylgning, er opp til redaksjonen og fastsetje.

Avtalar skal vere skriftlege og signert av begge avtalepartnarane, der soknerådsleiar signerer på vegne av Hyllestad sokneråd.

Avtalar skal utferdast i to eksemplar, eit til kvar part.

3-2 Varigheit avtalar

Annonseavtalar skal avtalast for to-2- år, men med moglegheit for ein lengre avtaleperiode dersom annonsepartnar ynskjer dette, men maksimalt for ein periode på fem-5-år.

4 – ØKONOMI

4-1 Prisnivå

For 2012, 2013 og 2014 legg ein opp til fylgjande prisnivå:

- Visittkortannonse med 4-innrykk pr. år kr. 2.400,- pr. år.
- Visittkortannonse med 2-innrykk pr. år kr. 1.800,- pr. år.
- Dobbelt visittkortannonse med 4-innrykk pr. år. kr 4.400,- pr. år.
- Dobbelt visittkortannonse med 2-innrykk pr. år kr. 3.200,- pr. år.

For inngåing av annonseavtale der det vert avtalt annonser for utgåver hausten 2012, i tillegg til annonseavtale for 2013-2014, skal det inngåast avtale basert på to innrykk eller ½ pris av 2-innrykk.

Annonsepris vert årleg indeksregulert ved nye avtalar og ved fornying av avtale, basert på konsumprisindeksen.

4-2 Kostnader

Kostnader for utarbeiding av annonser/annonsetekst tilfall annonsør. Annonsør leverer annonsegrunnlag i eit tilordna format slik at redaksjonen kan nytte dette direkte opp mot trykkeri, utan vidare bearbeiding eller kostnad.

4-3 Budsjett

Redaksjonen utarbeider budsjett for arbeidet med kyrkjebladet, til kyrkjeverja, i samband med budsjetthandsaming om hausten.

Hyllestad 30. juni 2012

Kyrkjeverja

Jostein Ryland

Instruks / reglement er sist vedteken av Hyllestad sokneråd i sak 23/12 den 3. juli 2012.